

Oppsummering etter lokale forhandlingar kap. 4 - 2021

- 
- Om undersøkinga
 - Økonomiske ramma
 - Pro rata og pott
 - Kontaktlærartillegg
 - Tillegg til rådgjevar
 - Funksjonstillegg
 - Kompetansetillegg
 - Tillegg til pedagogisk leiar
 - Tillegg til tillitsvalde
 - Forhandlingsklima

20.05.2021

Rapport etter dei
lokale forhandlingane
i kap. 4, 2021
-til intern bruk

Tor Inge Brenne
UTDANNINGSFORBUNDET VESTLAND

Undersøking desember 2021

- Hovedtillitsvalde
- Informasjon om:
 - lokale forhandlingar
 - funksjonstillegg
 - kompetansetillegg
 - tillegg pedagogisk leiar
 - tillegg tillitsvalde og verneteneste
 - (Delegasjonar)
 - forhandlingsklima
- 41/43 kommunar (pluss fylkeskommunen)



Den økonomiske ramma


- 1 % pr. 01.10.2021
- Total pott Vestland ca. 202 mill.
- Fordelt omlag 63 millionar til UDF sine medlemmer
- Ikkje stort avvik mellom berekna pott og pai-data.



Oppsummering fylkeskommunen

Vestland fylkeskommune - oppsummering

Pro rata lokale forhandlingar 2021	99,2 %
Kontaktlærartillegg	22.000 kr
To kontaktlærarar	To kontaktlærarar på VG1 ved 20 elevar eller meir
Rådgjevartillegg/sosiallærartillegg	28.000 kr
Kompetansetillegg	-60 stp: 25.000 kr (<i>Doktorgrad gjev 35.000 kr i tillegg i staden for kompetansetillegg</i>) -Blir finansiert gjennom friske midlar.
Funksjonar	6 funksjonar. Snittgodtgjering 13.000 kr



Pro rata

Heile kapittel 4

- Varierer frå 73 % til 150 %
- Gjennomsnitt 103 %/100,7 %

Undervisning

- Varierer frå 51 % til 125 %
- Gjennomsnitt 93 %

Barnehage

- Varierer frå 24 % til 328 %
- Gjennomsnitt 119 %



NB! Pro rata leiarar og øvrige er ikkje tatt med i oversikta pro rata.


Nr.	Kommune	Samla	Undervisning	Barnehage
1	ALVER KOMMUNE	99	91	115
2	ASKVOLL KOMMUNE	101	104	86
3	ASKØY KOMMUNE	90	76	105
4	AURLAND KOMMUNE	102	69	213
5	AUSTEVOLL KOMMUNE	100	100	
6	AUSTRHEIM KOMMUNE	113	97	171
7	BERGEN KOMMUNE	101	100	123
8	BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	97	95	117
9	BREMANGER KOMMUNE	110	98	64
10	BØMLO KOMMUNE	100	100	
11	EIDFJORD KOMMUNE	150	125	205
12	ETNE KOMMUNE	82	78	104
13	FEDJE KOMMUNE			
14	FITJAR KOMMUNE	112	112	118
15	FJALER KOMMUNE	113	97	98
16	GLOPPEN KOMMUNE	121	90	150
17	GULEN KOMMUNE	132	57	328
18	HYLLESTAD KOMMUNE	108	107	177
19	HØYANGER KOMMUNE	97	100	24
20	KINN KOMMUNE	101	92	116
21	KVAM KOMMUNE	93	77	33
22	KVINNHERRAD KOMMUNE	117	121	171
23	LUSTER KOMMUNE	116	82	206
24	LÆRDAL KOMMUNE	101	84	103
25	MASFJORDEN KOMMUNE	100	100	100
26	MODALEN KOMMUNE	100	98	116
27	OSTERØY KOMMUNE	84	107	26
28	SAMNANGER KOMMUNE			
29	SOGNDAL KOMMUNE	101	74	193

30	SOLUND KOMMUNE	109	109	105
31	STAD KOMMUNE	104	94	138
32	STORD KOMMUNE	117	117	117
33	STRYN KOMMUNE	87	67	82
34	SUNNFJORD KOMMUNE	102	108	81
35	SVEIO KOMMUNE	97	103	102
36	TYSNES KOMMUNE	100	51	159
37	ULLENSVANG KOMMUNE	98	98	119
38	ULVIK HERAD	109	90	115
39	VAKSDAL KOMMUNE	93	103	29
40	VIK KOMMUNE	96	88	111
41	VOSS HERAD	100	113	65
42	ØYGARDEN KOMMUNE	96	97	99
43	ÅRDAL KOMMUNE	73	60	47
	Gjennomsnitt 2021	103	93	119

Merknad: I den samla pro rata, ligg og leiarane og øvrige. Det betyr at det ikkje er matematisk samanheng mellom tala i tabellen.

Leiarar

Pro rata skuleleiarar, styrarar og assisterande styrar kap. 4




Kontaktlærartillegg

- SFS2213 minsteressurs kr. 12.000.
- Brukt mykje midlar over tid.
- Kontaktlærartillegget varierer i storleik frå kr 13.500 til kr 42.000.
- Snittet ligg i overkant av kr 28.000.
- 56 % har innført to kontaktlærarar pr. klasse
- Mest vanleg med to kontaktlærarar på ungdomstrinnet

To kontaktlærarar


Er det innført ordning med to kontaktlærarar per klasse (no eller tidlegare)?

Besvart: 41 Hoppet over: 2



Om "JA" på førre spørsmål. Kva klassetrinn er ordninga med to kontaktlærarar pr. klasse innført (spesifiser kort ordninga i kommentarfeltet)?

Besvart: 22 Hoppet over: 21




Tillegg til rådgjevarar

- Minimumressurs etter SFS 2213 kr. 12.000.
- Tillegget til rådgjevarar varierer frå 12.000 til 49.000 kr, med eit snitt på kr 20.529.
- I 34 kommunar er dette ikkje differensiert etter størrelse.
- I åtte andre kommunar er tillegget differensiert etter storleiken på skulen.

-er dette differensiert etter skulen sin storleik?

Besvart: 42 Hoppet over: 1



Andre funksjonar

Døme på andre
funksjonar etter SFS
2213

Funksjon
<u>IKT-ansvarleg</u>
<u>Fagansvarleg/fagleiar/samlingsstyrar, diverse fag</u>
<u>Elevrådskontakt</u>
Teamleiar
Spes.ped.ansvarleg
Bibliotekansvarleg
AV-ansvarleg
Sosiallærar
Kulturkontakt
Stegleiar
Rektorvikar
Brannvernansvarleg
Uteliv
Plangruppe
Vikar-koordinator
Gruppeleiar
Seniorlærar

Nedlegging av funksjonar

- **SFS 2213 og Hovudtariffavtalen** (jmf. vedlegg til protokoll, III TIL PROTOKOLL, punkt I) Nedlegging av funksjonar, jf. SFS 2213):
- *Ved eventuell nedleggelse av lokalt opprettede funksjoner som er finansiert av midler fra lokale forhandlinger iht. HTA kap 4.2.1, skal lønnstillegget regnes inn i grunnlønnen til de arbeidstakerene som innehar funksjonen på det tidspunktet den nedlegges.*


Snitt godtgjering og tal funksjonar oppretta

Andre funksjonar

Kommune:	Tal funksjonar oppretta	Snitt godtgjering funksjonar
Alver	0	0
Askvoll	6	5064
Askøy	0	0
Aurland (Ikke kvalitetsskra)	1	22000
Austevoll	13	7150
Austrheim	2	19000
Bergen	1	16000
Bjørnafjorden	32	9813
Bremanger	21	6523
Bømlo	7	11700
Eidfjord	11	7000
Etne	12	14525
Fitjar	9	13000
Fjaler	5	6400
Gloppen	25	4000
Gulen	28	7428
Hyllestad	7	12343
Høyanger	2	7000
Kinn	66	5409
Kvam herad	65	4400
Kvinnherad	55	10848
Luster	30	10920
Lærdal	4	8250
Masfjorden	12	19500
Modalen	1	8000
Osterøy	5	12000
Sogndal	72	6875
Solund	10	6615
Stad	63	8000
Stord	94	20 894
Stryn	27	16 444
Sunnfjord	186	16844
Svelo	16	14000
Tysnes	7	7000
Ullensvang	74	17324
Ulvik	11	12364
Vaksdal	4	12000
Vik	2	5000
Voss	73	7400
Øygarden	22	12000
Årdal	110	9188
Gjennomsnitt 2021		10249
Midlar brukt til funksjonar 2021		13 613 156


Gjennomsnittleg godtgjering funksjonar 2021

Gjennomsnittleg
godtgjering
funksjonar (gjev
ikkje eit godt bilete)



Promille av lønsmassen (gjev eit godt bilete)

Promille av lønsmassen brukt til «andre funksjonar



Kompetansetillegg (15, 30, 45, 60 stp.)

- Det vert i stor grad gitt tillegg etter fullført 15, 30, 45 og 60 studiepoeng.
- For 15 studiepoeng vert det gitt frå 3.500 til 10.000 kr, med eit snitt på 5.734 kr.
- For 30 studiepoeng vert det gitt frå 10.000 til 15.000 kr, med eit snitt på 11.103 kr.
- For 45 studiepoeng vert det gitt frå 15.000 til 22.500 kr, med eit snitt på 16.850 kr.
- For 60 studiepoeng vert det gitt frå 20.000 til 30.000 kr, med eit snitt på 21.974 kr.



Kompetansetillegg


- Kompetansetillegg vert gitt til lærarar i grunnskulen i nesten alle kommunane (minus 2 stk).
- I 5 av 41 kommunar vert det ikkje gitt kompetansetillegg til barnehagelærarar(?)
- Stort sett friske midlar, eller ein kombinasjon med lokal pott (4.2.1 forhandlingar)
- Kan vere litt unøyaktigheit i rapporteringa



Kompetansetillegg

Kommune:	Kompetansetillegg				Kven kan få kompetansetillegg?					Friske midlar eller lokal pott	
	15 stp	30 stp	45 stp	60 stp	Lærarar i skulen	Lærarar i barnehagen	Einingsleiarar	Mellomleiarar	Andre i kommunen	Friske midlar	Lokal pott (4.2.1 forhandlingar)
Alver	0	0	0	0	X	X		X	X		
Askvoll	5000	10000	15000	20000	X	X			X	X	
Askøy	0	10000	0	20000	X	X			X	X	
Aurland	5000	10000	15000	20000	X	X				X	
Austevoll	6000	12000	18000	20000	X					X	
Austrheim		10000		20000	X	X	X	X	X	X	X
Bergen		11000		22000	X	X		X	X	X	
Bjørnafjorden	6000	12000	18000	24000	X	X			X	X	
Bremanger	7000	14000		28000	X	X		X	X	X	
Bømlo	5000	10000	0	20000	X				X	X	
Eidfjord	0	10000	0	20000	X	X			X	X	
Etne	5000	10000	15000	20000	X	X				X	
Fitjar	6000	12000	18000	24000	X			X		X	
Fjaler	5000	10000	15000	20000	X					X	
Gloppen	5000	10000	15000	20000	X	X				X	X
Gulen	3500	10000		20000	X	X			X		X
Hyllestad	0	0	0	0						X	
Høyanger	5000	10000	15000	20000	X	X			X	X	
Kinn	6000	12000		24000	X	X		X	X		X
Kvam herad	6000	12000	18000	24000	X	X	X	X		X	X
Kvinnherad	5500	11000	16500	22000	X	X				X	
Luster	5000	10000		20000	X	X			X	X	X
Lærdal	5000	10000	15000	20000	X	X			X	X	
Masfjorden	5000	10000	15000	20000	X	X	X	X		X	
Modalen	0	11000	0	22000	X	X	X	X		X	
Osterøy	0	10000	0	20000	X	X			X	X	X
Sogndal	6000	12000	18000	24000	X	X		X	X	X	X
Solund	5000	10000	15000	20000	X	X					
Stad	7000	14000	21000	28000	X	X			X		X
Stord	5000	10000	15000	20000	X	X	X	X	X	X	
Stryn	5000	10000	15000	20000	X	X			X		X
Sunnfjord	7500	15000	22500	30000	X	X		X	X	X	
Sveio	5000	10000	15000	20000	X	X			X		X
Tysnes		10000	15000	20000	X	X					X
Ullensvang	7500	12500	20000	25000	X					X	
Ulvik	10000	15000		25000	X	X	X	X	X	X	
Vaksdal		10000		20000		X			X	X	
Vik	7500	15000	22500	30000	X	X		X		X	X
Voss	6250	12500	18750	25000	X	X	X	X	X	X	
Øygarden	5000	10000		20000	X	X		X	X	X	
Årdal	5000	10000	15000	20000	X	X			X	X	
Gjennomsnitt 2021	5734	11103	16850	21974							

Kompetansetillegg utover 5-årig U/H-utdanning og lektor med tillegg



Tillegg til pedagogisk leiar


- Tillegget til pedagogisk leiar varierer frå:
 - Minste: 10.000 kr
 - Høgste: 38.000 kr
 - Snitt på ca. kr 27.000.

Hovudtariffavtalen om tillegg for pedagogisk leiar:

Pedagogisk leiar er ei stilling som etter HTA har stillingskode 7637 i (jmf.vedlegg 1). I følge fotnote 2 skal pedagogisk leiar lokalt lønast høgare enn utrekna lavast årslønn for stillingskode 6709 Barnehagelærar.


Oversikt over dei mest vanlege tillegg til pedagogisk leiar

Mest vanlege pedleiar tillegg



Frekvens tillegg til pedagogisk leiar

Frekvens, mest vanlege pedleiar tillegg



Tillegg til tillitsvalde

Hovudtillitsvalde:

19 kommunar gir funksjonstillegg til hovudtillitsvald. Dette varierer i storleik frå kr 2.400 til kr 70.000. Det største tillegget på kr 70.000 vert gitt i høve til kor mykje frikjøp det ligg til vervet. Det vil seie at ein hovudtillitsvaldressurs tilsvarande 50 % stilling, vil utløyse kr 35.000 i lønstillegg.

Arbeidsplasstillitsvalde:

Tolv kommunar gir funksjonstillegg til arbeidsplasstillitsvalde. Dette varierer frå kr 2.300 til kr 10.000.

Hovudverneombod:

Åtte kommunar gir funksjonstillegg til hovudverneombod. Dette varierer i storleik frå kr 6.000 til kr 70.000. Det største tillegget på kr 70.000 vert gitt i høve til kor mykje frikjøp det ligg til vervet. Det vil seie at ein hovudverneombodsressurs tilsvarande 50 % stilling, vil utløyse kr 35.000 i lønstillegg.

Verneombod:


Tretten kommunar gir funksjonstillegg til vereomboda. Dette varierer i storleik frå kr 2.000 til kr 10.000.



Forhandlingsklima

	HEILT EINIG	NOKSÅ EINIG	NOKSÅ UEINIG	HEILT UEINIG	(INGEN ETIKETT)	TOTALT	VEKTET GJENNOMSNITT
▼ Det lønspolitiske drøftingsmøtet (3.2.1) vart gjennomført i samsvar med vedlegg 3 til HTA.	52,38% 22	42,86% 18	4,76% 2	0,00% 0	0,00% 0	42	1,52
▼ Talmaterialet som arbeidsgjevar la fram var ryddig og korrekt.	42,86% 18	38,10% 16	14,29% 6	4,76% 2	0,00% 0	42	1,81
▼ Forhandlingsklimaet var godt.	73,81% 31	19,05% 8	7,14% 3	0,00% 0	0,00% 0	42	1,33
▼ Resultatet var i samsvar med prioriteringar i den lønspolitiske planen.	28,57% 12	59,52% 25	11,90% 5	0,00% 0	0,00% 0	42	1,83
▼ Samarbeid med andre organisasjonar har stor verdi.	39,02% 16	39,02% 16	9,76% 4	4,88% 2	7,32% 3	41	2,02
▼ Samarbeidet med dei andre organisasjonane var godt.	39,02% 16	34,15% 14	19,51% 8	4,88% 2	2,44% 1	41	1,98
▼ Arbeidsgjevar har god kompetanse på lokale forhandlingar.	33,33% 14	47,62% 20	14,29% 6	4,76% 2	0,00% 0	42	1,90
▼ Vår delegasjon har god kompetanse på lokale forhandlingar.	40,48% 17	52,38% 22	7,14% 3	0,00% 0	0,00% 0	42	1,67

Kommentarer (23)



Kva er de misfornøgd med etter desse forhandlingane?

- Arbeidsgjevar si manglande vilje til å lytte til innspel, mangelfull informasjon og manglande vilje til å gje løn for kompetanse.
- Forhandlingane vart sett opp i haustferien etter påtrykk frå Fagforbundet.
- Innleiande drøftingsmøte a) berekningsutvalet = kommunen, b) for mykje av potten ut i fyrste tilbod, ca. 75 %.
- Arbeidsgjevar legg ikkje fram relevant talmateriale, verken før eller etter forhandlingane.
- Litt rot med lister som ikkje er komplette og oppdaterte. Manglar namn og resultat for skule.
- Arbeidsgjevar klaga på mangel på tid og folk til å ha reelle forhandlingar.
- Listene til arbeidsgjevar og oversikt over utrekning.
- Informasjonsflyten i forhandlingane. Vanskeleg å få ut «våre» pengar.
- Litt tynt talmateriale frå arbeidsgjevar.
- Stor del av potten vart delt ut i første tilbod.
- Pro rata for lærarane i skulen.
- Det gjekk lang tid før vi fekk informere medlemmane våre.
- Arbeidsgjevar sin tidsplan heldt ikkje. Det vart mykje venting.
- Arbeidsgjevar var lite villig til å gå i dialog og svare på spørsmål under forhandlingane.
- Tida for forhandlingane vart lagd slik at gjennomføringa vart lagd til haustferien.
- Ikkje oppdatert lønnslistar. Ikkje satsing på lokalt kompetanselønssystem. For mykje av potten til harmonisering av kontaktlærartillegg og ped.leiartillegg.
- Låg pro rata for lærarar i grunnskulen.
- Låg pro rata totalt sett.
- Uorganiserte fekk same lønstillegg som dei organiserte. Arbeidsgjevar tek ikkje inn over seg at det også spesielt innan skule også er rekrutteringsutfordringar som bør takast på alvor.
- Hentar ikkje ut meir enn forventa.
- Kunne ønska oss at fleire enn kontaktlærarar hadde fått tillegg.
- Nivået på avdelingsleiar og assisterande tyrar er framleis for lågt samanlikna med kommunar rundt oss.
- Dårlig utteljing i barnehage
- Fekk ikkje optimalt på avdelingsleiarane og assisterande styrar.
- Arbeidsgjevar nekta å forhandla om funksjonstillegg.
- Å få bekrefta at lokale forhandlingar må avskaffast.
- Heile delegasjonen var ny. Ser i etterkant at ein kunne stilt meir spørsmål.

Kva er de spesielt nøgd med etter desse forhandlingane?

- At vi uavhengig av kva sentral nemnd landar på, har oppnådd om lag pro rata.
- Alle prioriteringane våre fekk gjennomslag stort sett.
- Vi får legge pengane på lokale stigar.
- Nøgd med å få omtrent pro rata.
- Den samla pro rata for medlemmane våre.
- Skule fekk over pro rata.
- - Lagt inn kompetansetillegg som ein "mista" i 2019.
 - Fekk innfridd kravet.
 - Vi fekk litt til alle.
 - Vi er nøgde med resultatet.
 - Flatt tillegg til alle medlemmer lagt til i grunnløn.
 - Vi kom over pro rata i grunnskule, og vi fekk laga eit minstelønssystem (lokal stige) som gir lønsgliding mellom forhandlingane. Fekk og harmonisert mykje etter kommunesamanslåinga.
 - Godt resultat, for det meste flate tillegg, godt forhandlingsklima.
 - Profilen.
 - Godt klima, god tilbakemelding, fekk 1 % på alle i skule og barnehage, unntatt avd.leiar og ass.styrar.
 - Gode samarbeid i forkant.
 - Registreringa i forkant og kompetansetillegg.
 - God kontroll på tala og økonomien. Har fått gjennomført opplæring av nytt medlem i forhandlingsdelegasjonen. Godt samarbeid med dei andre organisasjonane.
 - At vi kom til semje, etter å ha vore nærme brot.
 - Forhandlingsklimaet var godt, kommunalsjef oppvekst fann ei god løysing på justert kontaktlærartillegg etter krav for lærarar på småskuletrinnet vart avvist.
 - Synest prosessane var ryddige .
 - Auka kontaktlærartillegg og auke i løn til pedagogisk leiar.
 - Differensiering av kontaktlærartillegget.
 - Fekk auka kontaktlærartillegget med 9500 kr i året.
 - Vi fekk auka kontaktlærartillegget til alle kontaktlærarar.
 - Auke av funksjonstillegget for kontaktlærarar og ped.leiar.
 - Vi for fyrste gong fekk eit akseptabelt resultat i vår kommune. Har vore stort sett under 70% av pro rata tidlegare.
 - Vi fekk auka kontaktlærar og ped.leiar-tillegget.
 - Løfta kontaktlærartillegget frå 22000 til 30000.
 - Auka tillegg for kompetanse og auka kontaktlærar og ped.leiar tillegg.
 - Oppnådd resultat for ped.leiarar.
 - Ass. styrar og ped.leiar og resultatet samla.
 - At alle våre medlemmer fekk ei lønsutvikling og at sjukepleiarane ikkje fekk "kuppa" lønsmidlane.
 - Leiarane fekk eit nødvendig løft.
 - Personlege tillegg gitt som rekrutteringstillegg.
 - At vi slapp å forhandle og slapp og førebu oss med all slags statistikkar.

Har de forhandla fram andre gode lønsbetingelsar eller lønssystem som lokallaget vil dele?

- 5-åringar t.d. adjunkt med tilleggsutdanning får eit tillegg på 5000.
- Vi har fått lokale lønnsstigar for lærarar i barnehage og skule. Desse gjeld også ved ny tilsetting.
- Personlege tillegg gjeve som rekrutteringstillegg.
- Vi har kr 13.000 til faglærarar/barnehagelærarar som tillegg dersom dei ikkje er kontaktlærarar/pedleiarar. Dette sett i høve til stillingstorleik.
- Kompetanse: Lønspolitisk plan seier at vi kan forhandla på kompetanse 2 gongar pr. år. Dette fungerer godt. Elles har vi eit ped.leiar/kontaktlærartillegg på kr 36 000. Er nøgde med dette.
- Vi fekk laga ein ny lokal stige der ein er garantert minst kr 10.000,- over garantiløn ved 16 års ansiennitet for høgskulegruppene.
- "Gradert" kontaktlærartillegg, kommentert tidlegare
- Vi fekk forhandla fram ein særavtale for alle kontaktlærarar. Både noverande og framtidige kontaktlærar vil automatisk få kr 25.000 til og med 14 elevar og kr 27.000 for over 14 elevar.

Summing

- Var det noko som var spesielt overraskande?
- Spørsmål?
- Andre ting?

Del 2 (gruppearbeid):

Korleis kan fylkeslag, lokallag arbeide vidare med dette?

